

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 26.01.2023
SAKSHANDSAMAR: Randi Nisja Heskestad
SAKA GJELD: **Orientering om «Riksrevisjonens kontroll med forvaltningen av statens interesser i selskaper – 2021»**

ARKIVSAK: 2023/73
STYRESAK: 018/22

STYREMØTE: 15.02.2023

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tar saka til orientering.

Oppsummering

Riksrevisjonen la i november 2022 fram rapport om *Riksrevisjonens kontroll med forvaltningen av statens interesser i selskaper – 2021*.

Saka gjer kort gjort greie for saksforhold i rapporten med relevans for styret i Helse Vest RHF. For meir inngåande opplysningar blir det vist til sjølve rapporten, som er lagt ved styresaka.

Fakta

Riksrevisjonen sin kontroll for 2021 har omfatta forvaltninga av staten sine interesser under 12 departement, og gjeld 46 heileigde aksjeselskap, 24 deleigde aksjeselskap, 1 selskap med delt ansvar, 6 allmennaksjeselskap (ASA), 8 statsføretak, 4 regionale helseføretak, 15 studentsamskipnadar og ytterlegare 6 selskap som er organisert ved særskild lov.

Riksrevisjonen har i samband med rapporten gjennomført to undersøkingar, kor den eine er ei oppfølgingsundersøking som er gjennomført som ei ny undersøking.

Rapporten presenterer følgande saksforhold som er særleg relevante for Helse Vest og/eller spesialisthelsetenesta:

Kontroll

- 1.2 Kontroll av generalforsamlinger og foretaksmøter

Undersøking

- 2.2 Riksrevisjonens oppfølging av undersøkelsen «Godtgjørelse til styret og daglig leder i statlige heleide selskaper» (i Dokument 3:2 (2018–2019))

Oppfølging av tidlegare rapporterte saker som ikkje blir følgd vidare

- 3.1 Helse Sør-Østs gjennomføring av det regionale radiologiprogrammet RIS/PACS – Dokument 3:2 (2018–2019)
- 3.2 Helseforetakenes bruk av legerressurser – Dokument 3:2 (2018–2019)
- 3.3 Styrenes arbeid med kvalitet og pasientsikkerhet i spesialisthelsetjenesten – Dokument 3:2 (2018–2019)

Kommentarar

For saksforholdet knytt til kontroll av generalforsamlingar og føretaksmøte blir det i rapporten peika på følgjande hovudfunn:

- «Det er Riksrevisjonens oppfatning at generalforsamlingene og foretaksmøtene i selskapene som er omfattet av Riksrevisjonens kontroll i regnskapsåret 2021, i all hovudsak har blitt avholdt i samsvar med formalkravene til innkalling, gjennomføring og dokumentasjon i selskapslovgivningen.»

Riksrevisjonen si overordna vurdering knytt til oppfølging av undersøkinga «Godtgjørelse til styret og daglig leder i statlige heleide selskaper» (i Dokument 3:2 (2018–2019)):

- *«For perioden 2018–2021 har omlag halvparten av daglige ledere, styreledere og styrene samlet hatt en økning i lønn og godtgjørelse over alminnelig lønnsvekst. Likevel har veksten for mange vært mer moderat, og flere har en vekst under eller i samsvar med alminnelig lønnsvekst, enn hva som var tilfelle i perioden 2014–2017. De siste årene har departementene hatt større oppmerksomhet om lederlønn og styregodtgjørelse, og dette er fulgt opp grundigere og mer regelmessig enn tidligere. I tillegg har de siste eierskapsmeldingene og nye retningslinjer for lederlønn flere presiseringer om at moderasjonshensynet skal ivaretas, og at vekst utover alminnelig lønnsvekst skal vurderes og begrunnes.»*

Hovudpunkt frå oppfølging av tidlegare rapporterte saker som ikkje blir følgd vidare:

Helse Sør-Østs gjennomføring av det regionale radiologiprogrammet RIS/PACS – Dokument 3:2 (2018–2019):

- Målet med undersøkinga var å finne årsaker til at Helse Sør-Øst RHF ikkje hadde nådd målet om å etablere ei felles radiologiløysing i regionen, og å vurdere kva som var konsekvensane av manglande måloppnåing.
- Helse- og omsorgsdepartementet følgjer opp at dei regionale helseføretaka ved anskaffingar og gjennomføring av IKT-prosjekt har den nødvendige kompetansen, og at styringa og oppfølginga blir tilpassa prosjektet sin kompleksitet.
- Riksrevisjonen merkar seg at Helse- og omsorgsdepartementet har stilt krav til både Helse Sør-Øst RHF og dei andre regionane for anskaffing og innføring av IKT-system.
- Saka blir avslutta.

Helseforetakenes bruk av legerressurser – Dokument 3:2 (2018–2019):

- Målet med undersøkinga var å vurdere om helseføretaka styrer og organiserer aktivitetar og personell på ein slik måte at legerressursane i den somatiske verksemda blir brukt effektivt.
- Tiltak frå Helse Vest RHF sitt regionale program «Alle møter» blir trekt fram som relevante eksempel i oppfølgingsarbeidet. Mellom anna blir rutinar for avansert oppgaveplanlegging nemnt.
- Riksrevisjonen merkar seg at alle dei fire helseregionane enten har gjennomført eller planlegg å gjennomføre forbetringstiltak på ei rekke område, og held det fram som positivt at alle fire regionale helseføretak arbeider med å få til ei god langsiktig planlegging gjennom tettare integrasjon mellom arbeidsplansystemet og pasientsystemet.
- Saka blir avslutta.

Styrenes arbeid med kvalitet og pasientsikkerhet i spesialisthelsetjenesten – Dokument 3:2 (2018–2019):

- Målet med undersøkinga var å vurdere om styra i dei regionale helseføretaka og helseføretaka følgjer opp kvalitet og pasientsikkerheit i tråd med Stortinget sitt vedtak og føresetnadar og prinsipp for godt styrearbeid.
- Riksrevisjonen merkar seg at både Helse- og omsorgsdepartementet og dei regionale helseføretaka har iverksett tiltak for å forbetre prosessen med å velje styremedlemmar og sørgje for at styra har den nødvendige kompetansen.
- Riksrevisjonen meiner det er viktig at det finnast skriftlege beskrivingar av utfordringar og kompetansebehov i styra.
- Saka blir avslutta.

Konklusjon

Helse Vest RHF vil følgje opp funna frå rapporten og nytte dette i løpande forbetningsarbeid.

Eksempelvis går det føre seg ein omfattande prosess med endring av styringsstrukturen for digitalisering i Helse Vest. Overgangen frå dagens oppdelte regionale styringsstrukturar for arkitektur, portefølje, program, prosjekt, forvaltning og innovasjon til ein heilskapleg styringsstruktur for digitalisering vil gå føre seg over tid. Ny styringsstruktur vil vere med på å sikre at ein ved anskaffingar og gjennomføring av IKT-prosjekt i endå større grad har den nødvendige kompetansen, og at styringa og oppfølginga blir tilpassa prosjektet sin kompleksitet. Overgang til ny styringsstruktur har over tid vore tema i direktørmøte i Helse Vest, og blir formidla til helseføretaka i styringsdokumentet for 2023.

Vidare går det føre seg mange tiltak på dei ulike områda knytt til helseføretaka sin bruk av legeressursar, mellom anna gjennom program «Alle møter».

Vedlegg:

Dokument 3:2 (2022–2023) Riksrevisjonens kontroll med forvaltningen av statens interesser i selskaper – 2021